



**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 26.03.2014  
**Tidspunkt:** 09:50-12:50

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Jostein Ljones	Medlem	SP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Tore Svane	Medlem	FFO
Neshe Lie	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Fiskvik	Tore Svane	FFO

---

**Merknader**

---

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 10/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 11/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 12/14	Årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 13/14	Landskonferansen 2014 - deltaking	2014/558	
PS 14/14	Konferanse for helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø - deltaking	2014/558	
PS 15/14	Oversikt kurs og konferansar	2014/558	
PS 16/14	Kollektivstrategi - høyringsuttale	2014/558	
PS 17/14	Brukarerfaringar om bybanen	2014/558	
PS 18/14	Førespurnad om orientering om fornying av TT-kort	2014/558	

PS 19/14	Ymse	
PS 20/14	Referatsak (Meldingar)	
RS 8/14	Referat for RMNF-AU, 12.03.2014	2014/558
RS 9/14	Årstad vidaregåande skule - ledeliner	2014/558
RS 10/14	Høyringsutkast til Klimaplanen for Hordaland 2014-2030	2014/12299
RS 11/14	Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14. mai 2014	2014/558
RS 12/14	Oversikt økonomi, per 14.03.14, RMNF	2014/558
RS 13/14	Møteprotokoll RMNF Troms	2014/558

## **PS 10/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteinnkallinga og sakslista slik dei føreligg.

## **PS 11/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

Tore Svane ønskja følgjande tilføyning til Sak 16 Ymse, angående Fråfall i vidaregåande skule, i protokollen frå møtet 12.02.2014:

«Forholdet vart teken opp etter ein anmoding frå FFO via brev frå Tore Svane 4. februar.»

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteboka frå 27.11.2013 med slik tilføyning:

«Forholdet vart teken opp etter ein anmoding frå FFO via brev frå Tore Svane 4. februar.»

## **PS 12/14 Årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at arbeidsutvalet får fullmakt til å ferdigstille årsmeldinga slik at den vert sendt til administrasjonen innan 21. mai.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at ein ny påminning vert sendt ut til medlemar og varamedlemar i rådet for innspel, med frist ut 6. april.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at arbeidsutvalet får fullmakt til å ferdigstille årsmeldinga slik at den vert sendt til administrasjonen innan 21. mai. Arbeidsutvalet vil før fristen sende årsmeldinga ut på høyring til rådsmedlemmane.

## **PS 13/14 Landskonferansen 2014 - deltaking**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Landskonferansen som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemmane ein moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta med følgjande medlemar på Landskonferansen 2014:

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Landskonferansen som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemmane ein moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta med følgjande medlemar på Landskonferansen 2014: Tore Svane, Harald Norheim, Jostein Ljones, Ellinor Kreybu. Kjersti Edvardsdal har takka nei, og vara vert da invitert. Rådet vil be om tilbakemelding frå Neshe Lie om ho kan delta.

### **PS 14/14 Konferanse for helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø - deltaking**

#### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Landskonferansen som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemmane moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta på Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø med følgjande medlemar:

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemmane moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta på Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø med følgjande medlemar: Ellinor Kreybu, Harald Norheim og Kjell Søvik. Jostein Ljones har takka nei og Kjersti Edvardsdal vil gje tilbakemelding snarast. Neshe Lie og Tore Svane vert bedt om å gje beskjed om dei ønskjer å delta så snart som mogleg.

### **PS 15/14 Oversikt kurs og konferansar**

#### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til etterretning og ber om at oversikta over kurs og konferansar vert oppdatert fortløpande.

Rådet ønskjer ikkje å gjere eit vedtak på generelt grunnlag, men vedtek å fortsette tidlegare praksis med å teke ein avgjerdsle på kvar sak som kjem opp.

### **PS 16/14 Kollektivstrategi - høyringsuttale**

#### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein høyringsuttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune basert på innspel frå rådsmedlemmane.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

Medlemmane i rådet meiner at tilgjengelegheit og sikkerheit er det viktigaste for målgruppa og at dette skal vere fokuset i uttala frå rådet. Overgangar til Bybanen er eit område som ikkje har fått ein merksamdom som rådet er nøgd med, samt innspel frå brukarorganisasjonar som kjem fram i neste sak er aktuelt. Samtidig

er det tydeleg at både tilgjengelegheit og sikkerheit vert påverka av drifta av kollektivtransporta. Det kan til dømes vere opplæring av bussjåførar.

Rådsmedlemene vert bedt om å sende inn innspel til uttala innan 2. april.

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein høyringsuttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune basert på innspel frå rådsmøtet og rådsmedlemene.

### **PS 17/14 Brukarerfaringar om bybanen**

#### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at innspela frå brukarorganisasjonane vert sendt til samferdselsavdelinga og rådet ber om eit skriftleg og munnleg svar på førespurnaden. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å be om ein skriftleg og munnleg orientering angående drift av kollektivtransporten for å sikre tilgjengelegheit for alle. Til dømes kva opplæring bussjåførar får frå sine arbeidsgjevare.

### **PS 18/14 Førespurnad om orientering om fornying av TT-kort**

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein førespurnad til samferdselsavdelinga angående innlemming av ein ny gruppe i TT-ordning; psykisk sjuke, samt om at praksis med at menneske med varige funksjonsnedsetting slepp å søkje på nytt kvart år vert ein del av retningslinene og at dette vert informert om til brukargruppa.

### **PS 19/14 Ymse**

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

Temadag «Grenselaus kultur?»: Ca 60 personar er meldt på til temadagen og halvparten av desse er kommunale råd. Med tanke på at det er 33 kommunar i Hordaland er dette eit lågt tal. Noko av grunnen kan vere at invitasjonen ikkje når fram til dei. Resten av dei påmeldte deltakarane er ansatte i kommunar, frå kulturkontor og frå kulturinstitusjonar. Det er ein stor seier for rådet og visar at det er ei trong for slik informasjon i miljøet.

Arrangementet vert heldt på Hotel Norge 3. april. Programmet er sendt til rådet, sekretærer til kommunale råd og til kommunale postmottak. Til neste år bør ein vurdere å sende programmet til ordførarane og, samt at varamedlemar i rådet vert invitert.

Orienteringar: Rådet ønskjer mange orienteringar, men grunna arbeidet med temadagen, samt at ein del ikkje hadde moglegeheit til å kome, vert det ingen orienteringar til dette møtet.

Oversikt over større sakar til politisk handsaming 2014: Denne saka var ikkje klar når sakane til rådet vart sendt ut og vart derfor presentert i møtet. Rådet tek den til etterretning.

Betre samhandling med dei kommunale råda: Jostein Ljones tek opp at han saknar betre samhandling med dei kommunale råda og at det gjerne er det fylkeskommunale rådet som bør teke litt ansvar for at

dei kommunale råda får ein arena til diskusjon. Neste års temadag bør vere over to dagar og eit av tema bør vere samhandling mellom råda.

Ny vidaregåande skule på Voss: Rådet har informasjon om at fylkeskommunen skal bygge ny vidaregåande skule på Voss og ønskjer som tidlegare å vere inkludert i arbeidet med universell utforming. Rådet ønskjer å vite status på arbeidet.

#### **Vedtak**

Temadag: Til neste år vert invitasjon sendt og til ordførarar og til varamedlemar i rådet. Arrangementet bør vere over to dagar og bør inkludere ein økt om samhandling mellom råda.

Ny vidaregåande skule på Voss: Rådet ønskjer å vere inkludert i arbeidet med universell utforming og ber om status på arbeidet frå Eigedomsseksjonen.

### **PS 20/14 Referatsak (Meldingar)**

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014**

#### **Vedtak**

RS 10/14 Høyringsutkast til Klimaplanen for Hordaland: Kjell Søvik skriv eit utkast til uttale innan torsdag 10. april.

Resten av referatsakane vert tekne til orientering.

#### **RS 8/14 Referat for RMNF-AU, 12.03.2014**

#### **RS 9/14 Årstad vidaregåande skule - ledeliner**

#### **RS 10/14 Høyringsutkast til Klimaplanen for Hordaland 2014-2030**

#### **RS 11/14 Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14. mai 2014**

#### **RS 12/14 Oversikt økonomi, per 14.03.14, RMNF**

#### **RS 13/14 Møteprotokoll RMNF Troms**